

MØTET PAA VENAAS

Av Olav Brakstad



Olav Brakstad var frå Brakstad på gamle Tingvoll sørland, no Gjemnes. Han var journalist i Oslo, fødd i 1894, og døydd av tuberkulose i 1920.

Bestefar hans skulle vere ein mester til å fortelle gamle eventyr. Olav var berre fem år da han døydde, men desse fortellingane kunne ha gått i arv via faren. Segna fortel om Svartedauden i åra 1349-50. Men ho har form frå 1800-talet, som born kunne kjenne att den gongen.

Fire gardar er omtala i segna: Ranheim og Blikkåsen i Gjemnes, Flå i Sunndal og Venås på Meisingset i Tingvoll. Lars Brakstad har gjeve løyve til å gje att denne segna i Hendt og hender.

Paa Ranheim var det stort uppstyr. Mannen paa garden hadde vorte so braatt sjuk. Han Eirik var nett komen heim fraa ei Fosna-reis, og straks han kom oppover naustbakken, kunde heimefolket sjaa, at han ikkje var seg sjølv lik. Han la seg i koven, straks han kom inn, og han var daa so sjuk, at han lite kunde tale.

Men litt Fosna-nytt fekk daa kona utor honom likevel: Ein stygg sjukdom herja utmed havkanten, ei sott som folk korkje visste namn paa, eller hadde sett maken til før. Nokre farmenn sør fraa landet hadde ført sotta med seg nordover. Og farangen vart so hard, at kom den fyrst i eit hus, so vart det naasfall paa naasfall til dess alle hadde andast.

- Hjelpe meg, Kvite-Krist, at eg ikkje stryk med, kviskra Eirik der han laag og leid. Over eit døgn laag han i so stor ei pine. Han leid so ilt, at den som var veik av seg, tolde ikkje sjaa han. Han togg skum, vreid og vende seg i senga og hadde ikkje munntogn ein time. Frampaa morgonen fekk han eit tak – og døydde.

Daa la det seg so myrk ein let og flekkjer over all kroppen. Men straks han vart stelt og lagt paa likstraa, vart kona laak. Og sidan dei tvo sønene. Dei laag ein dag, so strauk dei med. Storemannen hadde teke tungt paa Ranheimsfolket.

Soleis kom «Svartdauin» til den einslege fjordbygda. Farsotta herja gard med naasfall i fylgje. Dei faa som vart sparde i lengsten, flakka vitskremde fraa gard til gard, til dess sotta tok dei.

So segjer segna, at daa eit aar var umme, levde berre tvo menneske att i den store bygda.

I Avdalen lengst inne i bygda for ein ung gut og vanka einsleg i heiane. Det var Einar Flaa. Han hadde ikkje set folk eller høyrte mannemaal paa lang tid no, og naar han tenkte paa det som hendt var, sette han seg jamnast til aa graate lange stundene. Han hugsa korleis sotta herja heimen hans. Daa siste systra døydde, hadde han sprunge mest vitlaus til skogs.

Aldri til bygda meir!

